

Nils Bergström, P. Ragg, K. Rimmestad.
 Hans Trueta, J. K. Trueta, Ole K. Rimmestad
 Martin Oake, Karl Jansen
 Paul, Mr. Lillenas, Elling Prestlie
 J. Nordh, H. Henriksen, Nils Kjelberg
 Harold Sivertsen, Jakob Kloster
 Bertin Kielo, Andreas Sandvik?
 Torres Vestbøstad, Wilbur Brevich
 Knut Tveite, Martin Vestvik.
 Knut Jøffer, J. Vestbøstad, Ingemar Sandoy
 K. L. Tufthand, Andreas Houland
 Martin Thassand, Ivar Aarhaug
 Elling H. Vestbøstad, Gudmund, Nils
 Johannes Sa. Vik, Stenmiad.



Styret i Fitjar Kraftlag



Johannes Koløen
styreleiar



Toralv Røen
nestleiar



Monika Hatlevik



Trond Gerhardsen



Ranveig Flatråker
Ottestad



Fitjar Kraftlag

- ein livskraftig 75-åring

Fitjar Kraftlag SA er eit ålmennyttig partlag med skiftande parteigartal og kapital.

Føremålet til selskapet er å eiga, byggja og driva energiforsyning i heile konsesjonsområdet - herunder produksjon og omsetting av energi. Kraftlaget kan selja kraft til kundar utanfor konsesjonsområdet.

Vidare kan Kraftlaget driva, eiga eller samarbeida med andre verksemdar med naturleg tilknytning til føremålet. Kraftlaget skal vera ei konkurranse-

dyktig og lønsam verksemd.

Kraftlaget kan delta i utvikling og ivaretaking av felles samfunnstiltak i konsesjonsområdet, samt gi gáver til ålmennyttige føremål.

Overskotet skal primært nyttast til vidareutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, dernest til ålmennyttige tiltak som kan koma partseigarane,

og lokalsamfunnet der Kraftlaget har nett til gode.

Fitjar Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Fitjar Kommune.

2010

Året då Fitjar Kraftlag SA feira sitt 75 – årsjubileum, straumforbruket var høgare enn nokon gong, og meir enn 8 av 10 husstandar hadde installert fiberbreiband.

75 år med bygging av kraftverk og infrastruktur i Fitjar

Ideen om å byggja ut straum til Fitjar vart første gong teken opp i Fitjar Kommunestyre i 1914.

Motstanden var stor og forslaget nedstemt. Etter fleire fányttes forsøk på å dra i gang kraftutbygging både

lokalt og i samarbeid med andre, vart Fitjar Kraftlag stifta 10. april 1935.

På stiftingsmøtet møtte 49 menn, som skreiv under protokollen om å stifta Fitjar Kraftlag med føremål å byggja Årskog Kraftstasjon og overføringsliner for den straumen som vart produsert. Hausten 1937 stod kraftverket på 240 KW ferdig. Kostnaden var kr.157.000 som var 34% over budsjettet.

I ára som følgde vart det bygd ut straum til alle bygdelaga i Fitjar.

I 1939 kosta straumen 130 kroner for 1000 W, noko som tilsvarte at ein med gjennomsnittsløn måtte arbeide 400 timer for å betale straumen.

Først i 1959 var utbygginga i hele kommunen fullført, og knappe to tiår seinare (1973) hadde Kraftlaget 1000 abonnentar.

Femtiårsjubileet vart feira med at Kraftlaget tok sitt nye bygg i Årskog



i bruk. Omlag samstundes kom det ny 66 kV linje mellom Årskog og Litlabø, noko som medførte ei stor forbetring i forsyninga til Fitjar.

I 1990 var kraftverket heilt nedslite, og NVE krov det totalrenovert eller fjerna. Det vart vedteke å renovere, og i 1996 stod et heilt nytt Årskog kraftverk ferdig med ei yting på 800 kW.

Fem år seinare og 90 år etter at dei første planane for utbygging av Fitjarelva vart lansert, vart Rimbareid minikraftverk sett i drift.

Styret hadde i 1997 fått sett opp ei vindmålemast ved Beinatjødnene. Målingane viste at Midtfjellet i Fitjar var svært godt eigna til produksjon av vindkraft.

Våren 2004 vart det sendt melding om oppstart av utgreiing om eit vindkraftverk i Fitjar. Etter at utgreiinga var ferdig, vedtok Årsmøtet i mai 2005, med eit fleirtal på over 88 %, at Fitjar Kraftlag skulle engasjere seg i ei vindkraftutbygging på Midtfjellet. Det vart og vedteke at ein skulle velje danske Energi E2 som samarbeidspart-

nar. Konsesjonssøknad vart sendt og etter ein lang prosess med sterkt engasjement frå mange interessentar i og utanfor Fitjar, gav Olje- og Energi-departementet 28. mai 2008, endeleg konsesjon til bygging av Midtfjellet Vindkraftverk, med ei maks yting på 150 MW.

Dagen før Fitjar Kraftlag SA feira sitt 75-årsjubileum med gratis konsert til alle kundane sine, gav statsføretaket Enova SF tilsegn om investeringsstøtte til bygging av Midtfjellet Vindkraftverk. Støtta, som seinare er stadfesta av ESA, er stor nok til å finansiere bygging av om lag halve vindkraftverket. Med det er det lagt grunnlag for eit nytt kapittel i Fitjar Kraftlag si søge dei neste 25 åra.

På slutten 1990-talet vart det bygd ei fiberlinje mellom Stavanger og Bergen. Fiberen vart tvinna på høgspenninglinjene, og i Årskog vart det montert utstyr til forsterking av signala. Dette gav høve til å knytte seg til fiberen, og år 2001 starta Fitjar Kraftlag bygging av fiber for høgkapasitets datatrafikk til industriverksemdene i Fitjar. To år

seinare hadde alle verksemdene fått tilgang til fiberbasert kommunikasjon. I 2004 var tida komen til satsing på utbygging av fiber til private kundar. I 2008 hadde alle nettkundane tilbod om Altibox-pakken som den aller første kommunen i Noreg med 100% fiberdekning.

Ved årsskiftet 2010/2011 har åtte av ti husstandar i Fitjar installert breiband frå Fitjar Kraftlag SA.

Fitjar Kraftlag har i alle år, i tillegg til si primære verksemd, bidrege til ålmennyttige føremål, og til fellesløft i kommunen. Rådhuset som vart bygd på 60-talet og Fitjar Kultur- og idrettsbygg som kom på 90-talet er gode dømer på dette. Kommunen fekk også på ein rimeleg måte eit nytt og moderne vassforsyningsanlegg i samband med bygging av Rimbareid minikraftverk. I tillegg er deler av det gamle leidningsnettet fornya ved at Kraftlaget og kommunen delte på grøftekostnader. Meir enn halvparten av luftnettet er etter kvart grave ned, straumforsyninga, og vassforsyninga

blitt betre. Då det store hytteområdet skulle byggjast ut på Kråko, stifta Kommunen og Kraftlaget i fellesskap Fitjar Infrastrukturdugnad AS som stod for bygging av grøfter og vassforsyning.

Lag og organisasjonar som alle bidreg til å gjere Fitjar til ei betre bygd å bu i, har i takt med at økonomien i Kraftlaget er betre, motteke monalege summar til verksemda si.

I alle desse åra Kraftlaget har eksistert har det vore sterke meiningar og engasjement rundt Kraftlaget, som i 2007 fekk nye vedtekter og vart

godkjent som eit samvirkeføretak i samsvar med Lov om Samvirkeføretak av 29.06.2007.

Styret i jubileumsåret

Kraftlaget har eit styre på fem medlemmer. Fire av medlemmene er valde av årsmøtet, eit medlem med vara er vald av og blant dei tilsette i kraftlaget. Det er 3 varamedlemmer.


I styret er:

Johannes Koløen, styreleiar
Torolv Røen, nestleiar
Ranveig Flatråker Ottestad, styremedlem
Monika Hatlevik, styremedlem
Trond Gerhardsen, styremedlem,

tilsett i Kraftlaget
Varamedlemmer:
Agnar Aarskog , 1. vara
Jarle Traa, 2. vara
Elin Anita Erstad, vara for Trond Gerhardsen, vald av dei tilsette i Kraftlaget.

Valnemnd

Valnemnda har tre medlemmer som vart vald av årsmøtet 2010. Valnemnda har konstituert seg sjølv. Desse er i valnemnda:
Marta Irene Stokken
Vidar Larsen
Johannes Nesse



Styret si Årsmelding

AKTIVITET

Det har også i 2010 vore høg aktivitet i laget, med stor produksjon innanfor alle Kraftlaget sine områder.

Styret har i 2010 hatt i alt 11 møter og handsama 81 saker.

Ordinært Årsmøte vart halde 11. mai 2010. På årsmøtet møtte 56 partseigarar med i alt 86 røyster.

Ålment

2010 – året då Fitjar Kraftlag feira sitt 75-årsjubileum, har vore eit godt år for Fitjar Kraftlag med stabil god drift innan alle verksemdsområder. Kraftlaget har oppnådd dei viktigaste måla innan alle område så nær som innan kraftomsetting. Driftsresultatet for året er positivt, og total-økonomien i Kraftlaget er god.

El-Nett

Arbeidet med modernisering og utbygging av nettet har halde fram. I 2010 er det i alt sett i drift ca. 800 meter høgspenkabel og ca. 1900 meter

lågspenkabel. Det er fjerna/fråkopla 400 m høgspenkt luftline og 300 m lågspenktline i 2010.

Det er installert 1 ny trafokrets i 2010 (Soløy).

Det vart renovert 2 transformatoranlegg i 2010. Ved årsskiftet stod det att å renovere 10 eldre transformatoranlegg som ikkje stettar dagens krav.

Tariffar

Norges Vassdrags- og Elektrisitetsdirektorat, NVE, fastset den samla inntektsramma som Kraftlaget kan ta frå abonnentane. Inntektsramma i eige nett auka med 2,95 mill. frå 2009 til 2010, frå 14,5 til 17,45 mill. I tillegg kjem kostnader til overliggende nett, som auka med 1,0 mill. frå 3,2 til 4,2 mill. Kraftlaget fastset, ut frå tildelt inntektsramme, tariffane for dei ulike abonnementsgruppene. Etter å ha vore tilnærma uendra i fleire år, vart tariffane i 1. halvår auka med 5,5 øre i høve til 2009. Frå 1. august 2010 vart dei auka med ytterlegare 2,5 øre inklusive MVA. Samla nettinntekt for 2010 vart med

dette tilnærma lik inntektsramma som er godkjent av NVE for 2010.

Styret har som målsetting å fastsette tariffar som i løpet av året tek inn inntektsramma fastsett av NVE.

I 2010 mottok abonnentane eit utjamningstilskot frå NVE på i alt 1,19 mill. til utjamning av nettleiga.

Det er gitt tilsagn om tilsvarande tilskot for 2011 på 2,4 mill.

Meir-/mindreinntekt

NVE gir Kraftlaget kvart år ei total inntektsramme. Dersom nettinntekta vert høgare enn ramma, vert differansen ført som meirinntekt, og tilsvarande dersom nettinntekta er lågare enn ramma, vert differansen ført som mindreinntekt. I des. 2007 fekk Fitjar Kraftlag etter-justert inntektsramma si frå NVE med 10,8 mill. som følgje av at ramma ved etterrekning hadde vore for lav i åra 2002 - 2006. I nettrekneskapan pr 31.12.2009 stod det att ein sum på 6,8 mill som ikkje var teken inn i årsrekneskapan til Kraftlaget. Styret har vald å ta inn den resterande summen i rekneskapan i 2010 (Note 3). Dette gjer at det no er samsvar mellom Fitjar Kraftlag sitt årsrekneskap og NVE sitt nettrekneskap pr. 31.12.2010.

Produksjon og energioverføring i eige nett:

Energiuttak (GWh):	år 2010	år 2009	Endring i %
Årskog kraftstasjon	1,9	2,2	- 14 %
Rimbareid kraftst.	2,0	2,9	- 31 %
Samla uttak frå overliggende nett	45,1	40,8	10,5 %
Samla innmating i eige nett	49,1	46,8	4,9 %
Forbruk i eige nett	45,6	42,3	7,9 %
Tap ref. innmating	4,4	4,3	
Antall nettkunder 31.12.	2154	2122	





Kraftomsetting

Kraftlaget omsette i 2010 i alt 70,9 GWh til kundar over heile landet. I 2010 var gjennomsnittsprisen på kraft, ref. Nordpool system, 53,06 øre mot 35,02 i 2009.

Inndelinga av den norske marknaden i 5 ulike prisområder har vore krevjande og har til tider gitt store variasjonar i straumprisar mellom områda. Høge straumprisar i enkeltimar som følgje av "flaskehalsar" har også resultert i uvanleg høge profilkostnader samanlikna med tidlegare år.

Breiband

Utbygging av breibandsnettet er så godt som ferdig. Tilnærma alle nettkundar har, eller kan få installert breiband. Nettet er det største og viktigaste kommunikasjonsnettet i Fitjar. Drifta har i 2010 vore svært stabil, og kapasiteten og snøgleik i nettet er auka. Standardpakken er også i 2010 blitt utvida med fleire TV-kanalar. Framover vil det verta prioritert å sikra ei mest mogleg sikker forsyning med dublering av signalveg til alle noder. Innhaldet (programvaren) er levert av Altibox gjennom Haugaland Kraft AS. I 2010 vart denne avtalen forlenga med tre år.

I november 2010 vart det radiobaserte breibandsnettet lagt ned. Drifta av nettet gjev eit akseptabelt driftsresultat.

Kraftproduksjon

Det har vore stabil drift i begge kraftstasjonane i 2010, utan større avbrot. 2010 var eit år med svært lite nedbør og låg produksjon.

DLE – Det lokale el. tilsyn

I 2010 er det utført kontrollar av bustader, mekaniske bedrifter, driftsbygningar samt alders- og sjukeheim. Kontrollane har vore i samband med nyanlegg, bustader med eldre anlegg, og anlegg der forbruksmønsteret er endra. I alt vart det utført 116 kontrollar. Ved kontroll er det lagt vekt på brannsikring og informasjon om rett bruk av elektrisk utstyr.

Ålmennyttig verksemd

Kraftlaget har i 2010 støtta lag, organisasjonar og enkelttiltak i Fitjar med omlag 740.000 kroner.

Ytre miljø

Drifta i 2010 har ikkje medført verken forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljø.

Helse, miljø og tryggleik

Fitjar Kraftlag er medlem av Sunnhordland HMS. Avtalen legg opp til eit samarbeid mellom Fitjar Kraftlag og Sunnhordland HMS på områda helse og miljø. Det totale fråværet i 2010 var 236 (172) dagsverk, og utgjer 6,98 % (6,26%) av mulige dagsverk. Av dette er sjukemeldingar 190 (125) dagar, herav 164 dagar (4,84%) langtidssjukemelding, noko som utgjer 5,61 % (4,56%). Eigenmeldingar er 1,36%, barns sjukdom 0,52 % og permisjonar 0,34 %.

Det har vore eitt tilfelle med langtidsfråvær. Det har ikkje vore personskader som har medført fråvær i 2010. Arbeidsmiljøet i Kraftlaget er godt.

Framtidsutsikter

Pålegg om generell kvalitetsauke i nettet, auka krav til tryggleik og beredskap, samt behov for nettfornyning, vil framleis krevje store ressursar. Dei neste åra vil det vera naudsynt å fornye dei eldste delane av nettet, og særskild i Fitjarøyane.

I 2011 er det målsettinga at høgspennetnettet vest for Tranøy skal vere komplett renovert.

Dessutan vil ein, som følgje av dei hyppige linjeuhella på grunn av at seglbåtar har køyrt på fjordspenn, sikre linja over Smedholmsundet i 2011.

Når utbetringsarbeidet på E39 startar opp att, vil linjene langs vegen verte skifta ut med eit nytt kabelanlegg langs vegen. Dette vert gjort sjølv om den tekniske kvaliteten er slik at utskifting enno kunne vente i nokre år.

Kraftlaget har som målsetting å installere såkalla intelligente målarar innan fristen myndighetene har sett. Dei første målarane i ei prøvemontering vil venteleg verte montert alt i 2011. Innan kraftomsettinga er det, og vil vera, ei utfordring å oppnå tilfredstillande lønnsemd i ein marknad der prisane stadig vert påverka av flaskehalsproblematikk.

Det er likevel målsettinga til Kraftlaget å sikre ei god inntening på kraftomsettinga i åra som kjem.

Så godt som alle nettkundar har, eller kan på kort varsel få installert, fiberbreiband.

Fitjar Kraftlag er med dette den største leverandøren av så vel internett som TV-signal i Fitjar. Kraftlaget vil no prioritere å sikre at nettet vert utnytta maksimalt, at leveringstryggleiken vert

betre og at innhald og tenester i nettet vert best mogleg.

Etter kvart vil nettet verta opna for auka kapasitet og for leveranse av nye tenester.

Kraftlaget vil ikkje prioritere ressursar på oppgradering eller utviding av eksisterande kraftstasjonar utover å sikre mogleiken til å flytte Årskog Kraftstasjon til Breivik og tiltak som vil være naturlege i samband med ei eventuell bygging av Midtfjellet Vindkraftverk.

Fitjar Kraftlag eig halvparten av Midtfjellet Vindkraft, som arbeider med å realisere Midtfjellet Vindkraftverk. Etter å ha gjort ferdig detaljplanane i 2009, fekk selskapet i oktober 2010 tilsagn frå Enova SF om støtte til utbygging av Midtfjellet Vindkraftverk. Investeringsstøtta på 346,5 mill. er rekna å rekke til bygging av Fase 1 av Midtfjellet Vindkraftverk. Støtta er rekna å kunne finansiere ein årleg kraftproduksjon på 186 GWh. Støtta er godkjent (notifisert) av ESA, og Midtfjellet Vindkraft er i gang med å innhente anbod på bygging av Vindkraftverket. Dersom kostnadsbudsjettet held, er det svært truleg at bygging av vindkraftverket kan ta til i 2011. Kraftlaget vil i samband med bygging av Fase 1, finansiert gjennom statsstøtte, eige minst 1/3 av vindkraftverket. Det vil verta bygd nytt lagerbygg som vert tilpassa behovet Fitjar Kraftlag har, i tillegg til Midtfjellet Vindkraft sitt behov.

Styret:

Fitjar, den 14. april 2011



Johannes Koløen
Styreleiar



Toralv Røen
Nestleiar



Monika Hatlevik
Styremedlem



Ranveig Flatråker Ottestad
Styremedlem



Trond Gerhardsen
Styremedlem



Ole Vidar Lunde
Elverksjef

Fitjar Kraftlag har dei siste åra motteke utbytte på investeringa i SKL på ca 3,4 % av overskotet i selskapet. Generalforsamlinga i SKL har vedteke å redusere utbytteandelen for å styrke eigenkapitalen i SKL.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at føresetnaden for fortsett drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Informasjon

Kraftlaget nyttar primært nettstaden www.fitjar-kraftlag.no til informasjon om alle tilhøve kring drifta av Kraftlaget og til prisinformasjon.

I 2010 har også Fitjarposten si papir- og nettutgåve vore nytta aktivt til å informere om tilhøve knytta til drift av Kraftlaget.

Organisasjon og personale

Kraftlaget hadde ved årsskiftet i alt 14 tilsette som i 2010 utførte 11,8 årsverk. Dei tilsette i Fitjar Kraftlag per 31.12.10 var:

Ole Vidar Lunde, elverksjef
Therese Waage Nysæther, økonomileiar
Oddbjørg Lillenes, marknadskonsulent
Elin Anita Erstad, sekretær/kundehandsamar
Edmund Helland, driftsingeniør
Lars Helge Landa, inspektør
Ole Berge Helland, montør
Knut Inge Isdahl, montør
Johnny Aase, montør
Erlend Dalen, montør
Stefan Västerlund, montør

Trond Gerhardsen, montør
Marius F. Onarheim, telemontør
Hanne Jakobsen, reinhaldsass.

Likestilling

Blant dei 14 tilsette i selskapet er det 4 kvinner og 10 menn. I styret med varamedlemmer er det 3 kvinner og 5 menn. Fitjar Kraftlag SA har som mål at det ikkje skal vere forskjellshandsaming mellom kvinner og menn.

Forskning og Utvikling

Det har ikkje vore kostnader til forskning og utvikling i 2010.

Renter på partskapitalen

Styret rår til at rentefoten på partskapitalen i 2010 vert sett lik skjermingsrenta på 1,6 %.

Disponering av resultat

Styret rår til at årsoverskotet på 9.305.608,- vert disponert slik:

9.305.608,- vert tilført annan eigenkapital.

Av dette vert 750.000,- tilført etterbetalingsfondet.

Rentesats på partskapitalen vert sett til 1,6 %.

Rentesaldoen vert tilført partskapitalen med verknad frå 11.05.2011.

Kjøpsutbytte

Det skal ikkje betalast kjøpsutbytte for handel i 2010 jfr. vedtektene § 9.

Resultatregneskap

	Note	2010	2009
Inntekter			
Kraftinntekter	2	36 686 176	22 465 541
Nettinntekter	2,3	29 077 982	20 185 267
Andre inntekter	2	10 703 076	9 107 553
Sum inntekter		76 467 234	51 758 360
Kraftkjøp mv.			
Kraftkjøp	2	33 889 624	19 825 774
Nettap	2,4	1 962 363	1 496 551
Overføringskostnader	2	4 425 905	3 362 142
Beholdningsendring varelager	2	-299 000	48 000
Andre varekostnader	2	4 789 133	4 903 092
Dekningsbidrag		31 699 209	22 122 801
Eigne driftskostnader			
Lønskostnader	2,5	9 824 683	9 157 943
Ordinære avskrivningar	2,17	4 223 989	3 971 965
Andre driftskostnader	2,14	9 580 638	8 900 485
Driftsresultat		8 069 899	92 409
Finansinntekter og finanskostnader			
Utbytte		4 852 000	7 406 500
Andre finansinntekter	3,16	1 544 205	364 957
Andre finanskostnader	16	1 385 525	1 078 845
Ordinært resultat før skattekostnad		13 080 578	6 785 021
Skattekostnad på ordinært resultat	12	3 774 971	-66 530
Årsresultat		9 305 608	6 851 551
Anvendelse av årsresultatet			
Anna egenkapital	13	9 305 608	6 851 551
Sum anvendelse		9 305 608	6 851 551



Balanse

	Note	2010	2 009
Eigedelar			
<i>Anleggsmidler</i>			
Immaterielle eigedelar			
Utsatt skattefordel	12	34 027	2 449 627
Sum immaterielle eigedelar		34 027	2 449 627
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	17	4 129 692	4 089 081
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	17	598 272	347 385
Kraftproduksjonsanlegg og nett	17	40 632 066	40 645 555
Breibandsanlegg	17	11 062 587	11 929 970
Sum varige driftsmidler		56 422 617	57 011 991
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjar og andelar	10	4 617 333	4 617 333
Langsiktige fordringar	6,11	23 703 233	15 820 083
Pensjonsmidlar	5	342 392	302 566
Sum finansielle anleggsmidler		28 662 958	20 739 982
Sum anleggsmidler		85 119 602	80 201 599
<i>Omløpsmidlar</i>			
Varer			
	7	1 493 000	1 194 000
Fordringar			
Kundefordringar	6	20 354 595	16 259 669
Andre fordringar		642 019	423 620
Sum fordringar		20 996 613	16 683 289
Bankinnskudd, kontantar og lignande	8	19 089 579	19 188 281
Sum omløpsmidlar		41 579 193	37 065 571
Sum eigedelar		126 698 794	117 267 170



Balanse

	Note	2010	2009
Eigenkapital og gjeld			
<i>Eigenkapital</i>			
Innskoten eigenkapital			
Partskapital	13	-5 155 175	-5 085 937
Sum innskutt eigenkapital		-5 155 175	-5 085 937
Opptent eigenkapital			
Etterbetalingsfond	13	-3 272 000	-1 760 000
Annan eigenkapital	13	-95 743 297	-88 015 807
Sum opptent eigenkapital		-99 015 297	-89 775 807
Sum eigenkapital		-104 170 473	-94 861 744
<i>Gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	-11 500 000	-12 500 000
Sum anna langsiktig gjeld		-11 500 000	-12 500 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		-7 906 209	-7 258 848
Betalbar skatt	12	-886 195	-379 496
Skyldige offentlege avgifter		-2 334 424	-1 950 731
Anna kortsiktig gjeld	15	98 506	-316 351
Sum kortsiktig gjeld		-11 028 322	-9 905 426
Sum gjeld		-22 528 322	-22 405 426
Sum eigenkapital og gjeld		-126 698 794	-117 267 170


Fitjar, 14. april 2011



Johannes Koløen
Styreleiar



Toralv Røen
Nestleiar



Monika Hatlevik
Styremedlem



Ranveig Flatråker Ottestad
Styremedlem




Trond Gerhardsen
Styremedlem



Ole Vidar Lunde
Elverksjef

Kontantstrømoppstilling

01.01 - 31.12	Note	2010	2009
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad		13 080 578	6 785 021
Periodens betalte skatt		-852 672	-368 442
Ordinære avskrivningar		4 223 989	3 971 965
Nedskrivning aksjar		0	50 000
Endring i varelager, kundefordringar og leverandørgjeld		-3 746 564	3 521 380
Endring i andre tidsavgrensingspostar		-249 563	-1 939 381
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		12 455 768	12 020 543
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar			
Innbetalningar ved salg av varige driftsmidlar		0	0
Utbetalningar ved investering i varige driftsmidlar		-3 634 600	-4 513 867
Utbetalningar ved kjøp av aksjar/andelar i andre foretak		0	-30 000
Utbetalningar ved auka langsiktige fordringar		-7 922 977	-8 276 630
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-11 557 577	-12 820 497
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar			
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-1 000 000	5 000 000
Inn-/utbetalningar av eigenkapital		3 121	0
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		-996 879	5 000 000
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-98 688	4 200 046
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01		19 188 273	14 988 227
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12	1	19 089 585	19 188 273




Nøkkeltal

Nøkkeltal 2006 - 2010

Nøkkeltal	Eining	2010	2009	2008	2007	2006
Sal av elektrisk energi	Tkr	31 186	22 466	25 886	15 894	26 605
Sal av nettenester	Tkr	29 078	20 185	17 264	14 321	12 843
Brutto driftsinntekter	Tkr	76 467	51 758	52 242	38 329	46 596
Driftsresultat før avskrivningar (EBITDA)	Tkr	12 294	4 064	4 190	1 409	3 254
EBITDA margin	%	16 %	8 %	8 %	4 %	7 %
Ordinære avskrivningar	Tkr	4 224	3 972	4 116	3 987	3 885
Driftsresultat (EBIT)	Tkr	8 070	92	75	-2 578	-632
Driftsmargin	%	11 %	0 %	0 %	-7 %	-1 %
Resultat før skattar	Tkr	13 081	6 785	9 700	9 775	5 636
Årsresultat	Tkr	9 306	6 852	8 784	9 834	5 227
Årlege investeringar	Tkr	3 635	4 514	7 534	4 348	5 786
Totalkapital	Tkr	126 699	117 267	104 928	96 718	88 218
Eigenkapitalprosent	%	82 %	81 %	84 %	82 %	79 %
Produsert energi elektrisk kraft	MWh	5 049	6 303	6 972	7 280	6 175
El forbruk i eige konsesjonsområde *	MWh	45 557	42 252	43 084	41 657	37 823
Nettkapital (NVE-kapital)	Tkr	33 660	27 498	29 650	27 151	26 340
Antal nettkundar		2 154	2 122	2 082	2 037	1 991
Antal breibandkundar		744	697	663	459	325

* inkluderer nettpap, jf. for øvrig note 4..



Notar

Årsrekneskapen for Fitjar Kraftlag SA er sett saman av:

- *Resultatrekneskap*
- *Balanse*
- *Kontantstraumanalyse*
- *Notar*

Årsrekneskapen, som er utarbeidd av styret og leiinga i selskapet, må lesast i samanheng med årsmelding og revisjonsmeldinga. Når faktiske tal ikkje er tilgjengelege/sikre på tidspunkt for rekneskapsavlegginga, tilseier god rekneskapskikk at leiinga bereknar eit best mogeleg estimat for bruk i årsrekneskapen. Det kan framkome avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Note 1 Rekneskapsprinsipp - Verknad av endring av rekneskapsprinsipp

- *Grunnleggjande prinsipp*
- *Vurdering og klassifisering*
- *Andre forhold*

Årsrekneskapen er sett saman av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og noteopplysningar, og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapskikk i Noreg gjeldande pr. 31. desember 2010.

Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanlikning med tidlegare år, fortsett drift, kongruens og forsiktighet. Transaksjonar vert rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter vert resultatført når dei

er opptent og kostnader vert samanstillt med opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa vert utdjupa nedanfor.

Eigedelar/gjeld som vedgår varekretsløpet og postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, er klassifisert som omløpsmidlar/kortsiktig gjeld. Vurdering av omløpsmidlar/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris redusert med forventa salskostnader. Andre eigedelar er klassifisert som anleggsmidlar. Vurdering av anleggsmidlar skjer til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som forringast blir avskrivne. Dersom det finn stad ei verdiendring som ikkje er forbigående, vert det føreteke ei nedskrivning av anleggsmiddelet. Tilsvarande prinsipp vert normalt lagt til grunn for gjeldspostar.

Det er, i samsvar med god rekneskapskikk, nokon unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unntaka er kommentert i dei respektive notane. Ved bruk av rekneskapsprinsippa og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, skal det leggjast vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare vert kostnadsført.

Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapspostar

Inntektsføringstidspunkt

Inntekt vert ført i resultatet når ho er opptent. Inntektsføring skjer normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Driftsinntektene er fråtrekt meirverdiavgift, rabattar og fakturerte fraktkostnader.

Kostnadsføringstidspunkt / samanstilling

Utgifter vert samanstilte med og vert kostnadsført samstundes med dei inntekter utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter, vert kostnadsførte når dei oppstår.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert ført i balansen til anskaffelseskost, fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivningar. Dersom den reelle verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette skuldast årsaker som ikkje reknast å vera forbigående, vert driftsmiddelet skrive ned til verkeleg verdi. Utgifter i samband med normalt vedlikehald og reparasjonar vert løpande kostnadsført. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som aukar driftsmidlane si levetid vesentleg, vert aktiverte. Driftsmidlar som vert erstatta, vert kostnadsført. Eit driftsmiddel blir sett på som varig dersom det har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kroner 15 000. Ved utskifting av eksisterande linjenett er det lagt vekt på at endringar som medfører heving av kvalitet eller kapasitet vert aktivert som varige driftsmidlar, medan resterande vert sett på som vedlikehald. Ein syner i denne samanheng til note om driftskostnader og note om anleggsmidlar.

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er rekna lineært over driftsmidlane si økonomiske levetid med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivningane er klassifisert som ordinære driftskostnader.

Varelager og varekostnad

Lageret vert vurdert til det lågaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er ansaffelseskost. Årets varekostnad er sett saman av kostpris på selde varer med tillegg av nedskriving, i samsvar med god rekneskapskikk

Fordringar

Fordringar er oppført til pålydande med fråtrekk for forventta tap.

Aksjar og andelar

Investering i aksjar eller andelar som ikkje er marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert balanseførte til anskaffelseskost. Rekneskapsføringa følgjer av unntaksregelen for små føretak.

Utsatt skatt og skattekostnad

Utsatt skatt vert rekna på bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskaps-

året. Ved utrekninga vert nominell skattesats brukt. Positive og negative forskjellar blir vurdert mot kvarandre innafor same tidsintervall. Utsatt skattefordel oppstår dersom ein har midlertidige forskjellar som gir opphav til skattemessige frådrag i framtida. Årets skattekostnad er sett saman av endringar i utsatt skatt og utsatt skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigert for feil i tidligare års berekningar.

Note 2 Segmentinformasjon - rekneskap fordelt på virksomheter

1000 kr	Kraft- omsetn	Produk- sjon	Distri- busjon	Breiband	Abonn. Tilsyn	Øvrig virksomhet	Felles virksomhet	Totalt
Inntekter								
Kraftsal	34 601,2	2 085,0						36 686,2
Overføringsinntekter			22 020,0					22 020,0
Innt. ved abb., måling, avregn.	70,6		70,0					140,6
Tilbakef. av meir-/mindreinntekt			-6 216,0					-6 216,0
Akk. meir(-)/mindreinntekt (+)			13 274,0					13 274,0
Andre varer og tjenester				7 518,6		3 006,3		10 524,9
Andre inntekter				37,8				37,8
Sum inntekter	34 671,8	2 085,0	29 148,0	7 556,4		3 006,3	0,0	76 467,4
Kraftkjøp m.v.								
Kraftkjøp	33 495,0	394,6						33 889,6
Nettap			1 962,4					1 962,4
Kjøp av overføringstenester		53,0	4 372,9					4 425,9
Varekostnader				3 889,1		601,0		4 490,1
Sum varekjøp	33 495,0	447,6	6 335,3	3 889,1		601,0	0,0	44 768,0
Bruttoavanse	1 176,8	1 637,4	22 812,7	3 667,3		2 405,3	0,0	31 699,4
Driftskostnader								
Personalkostnader	268,3	429,2	5 838,5	858,5	429,2	1 264,2	1 642,9	10 730,9
- Aktivert lønn			-402,3	-504,0				-906,2
Andre driftskostnader	1 223,1	297,4	3 464,0	856,9	268,2	80,7	2 792,2	8 982,5
Avskrivningar		903,3	1 673,9	1 635,3		11,4		4 223,9
Eigedomsskatt		111,0	308,0					419,0
Tap på krav	33,2		87,7	63,1			-4,9	179,1
Felleskostnader	221,5	132,9	2 746,7	886,0	221,5	221,5	-4 430,2	0,0
Sum driftskostnader	1 746,1	1 873,8	13 716,6	3 795,8	918,9	1 577,9	0,0	23 629,2
Driftsresultat	-569,4	-236,4	9 096,1	-128,5	-918,9	827,3	0,0	8 070,2



Note 3 Meir/mindreinntekt

Med verknad frå 1997 har Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) innført ei inntektsrammeregulering for nettvirksomheten. NVE fastset årleg ei individuell inntektsramme for kvart nettselskap. Inntektsramma medfører at det vert sett eit tak for kor store inntekter et nettselskap kan hente inn. Nettselskapet skal rekna ut tariffane (nettleiga) slik at inntekta for det enkelte år, så langt råd er, ikkje overstig inntektsramma og kostnadane som kan dekkast inn som et tillegg. NVE fastset inntektsramma slik at inntekta over tid skal dekke kostnadane ved drift og avskrivning av nettet. Inntektsramma skal gje ei rimeleg avkastning på investert kapital gitt effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet. Kvart år vert det rekna ut ei meir- /mindreinntekt som er differansen mellom faktiske tariffinntekter og tillatte inntekter (inntektsramme). Akumulert meir-/mindreinntekt blir rekneskapsført som gjeld til eller fordring på nettkundane.

Ordninga med Kvalitetsjustert Inntektsramme for ikkje Levert Energi (KILE) vart innført frå 2001. Ordninga medfører ei mogleg justering av inntektsramma ved endringar i leveringskvaliteten og at nettselskapet vert belasta for kostnader ved avbrudd i nettet. I perioden 2001 til 2007 var det ei eiga KILE-ramme. Frå januar 2007 er KILE-kostnadane inkludert i den inntektsramma nettselskapet får frå NVE.

Fitjar Kraftlag har i år tatt inn resterande akkumulert mindreinntekt frå NVE. Denne er medtatt i linje "justert inntektsramme" nedanfor.

Meir-/mindreinntekt [1000 kr]	2010	2009
Sum faktisk nettleigeinntekt	22 090	17 767
Fastsett initiell inntekt i eige nett	17 454	14 498
KILE	-295	-310
Justering KILE frå tidlegare år		256
Justert inntektsramme	6 840	2 000
Eigedomsskatt	308	416
Tilbakeført mindreinntekt	6 216	3 761
Kostnader ved overliggjande nett (-)	4 373	3 362
Sum avvik avskrivn. og avkastning på avvik avkastningsgrl.	468	
Sum "godkjent" inntekt / tariffinntekt	35 364	23 983
Akkumulert meir-(+) /mindreinntekt (-)	-13 274	-6 216

Akkumulert meir-/mindreinntekt [1000 kr]	2010	2009
Inngående verdi på mindreinntekt	6 216	3 761
Tilbakeføring av mindreinntekt tidligare år	-6 216	-3 761
Årets Meir(+)-/mindreinntekt(-)	-218	-455
Justert inntektsramme	-6 840	-2 000
Utg. verdi for mindreinntekt	-13 274	-6 216
Inng. verdi på renter mindre-inntekt	481	153
Korreksjon for lite førte renter tidlegare år	0	243
Årets renter meir-/mindreinntekt	252	85
Utg. verdi renter for meir-/mindreinntekt	733	481



Note 4 - Nettap

Nettaptet er differansen mellom den samla energien målt i kWh som vert mata inn i nettet og den energien som fysisk vert brukt av abonnentane.

Ved utrekning av tapet i kroner vert det teke hensyn til kraftprisvariasjonar over året og at nettaptet varierer i takt med forbruket. Nettaptet for 2010 er vist slik det kjem fram i rekneskapen pr 31.12.2010.

	2010	2009	2008	2007	2006
Kraft seld til abonnentane	45 557	42 252	43 084	41 657	37 823
Tilført energi til eige nett	44 886	40 469	39 903	37 719	34 942
Eigenproduksjon	5 049	6 303	6 972	7 280	6 175
Sum tilført energi til eige nett	49 936	46 772	46 875	44 999	41 117
Nettap i MWh	4 379	4 520	3 791	3 342	3 295
Nettap i kroner ut frå vekta produksjonspris	1 962 363	1 496 551	1 287 000	784 501	1 306 467

Note 5 Lønskostnader / Antal tilsette / Godtgjersle / Pensjoner mm

	2010	2009
Løn	7 986 640	7 623 270
Folketrygdavgift	1 291 964	1 264 504
Pensjonskostnader	1 146 188	914 595
Andre ytingar	306 116	717 027
Aktivering løn knytta til investeringsprosjekt	-906 225	-1 361 453
Lønskostnader	9 824 683	9 157 943
Gjennomsnittleg antal tilsette	11,8	12,6
Godtgjersle (i kroner)	Elverksjef	Elverksjef
Løn	760 748	978 424
Anna godtgjersle	293 190	245 731
Løn til styre	320 111	337 041
Revisor		
Revisjon og revisjonsbeslektede tenester*	143 300	132 315
Honorar for andre tenester frå vår revisor	58 400	41 210

* Revisjon og revisjonsrelaterte tenester dekkjer alt arbeid som lov om god revisjonsskikk set krav om for at revisor skal kunna gi sin revisjonsmelding i samsvar med RS 700 til årsrekneskapen. Inkludert nødvendig ekstraarbeid og rådgjeving i høve til å kunne framlegge rekneskapen i samsvar med loven sine krav.

Samansetning av samla pensjonar og pensjonsforpliktelsar

Pensjonsforpliktelsane for dei tilsette er dekkja ved kollektiv pensjonsforsikring som omfattar totalt 13 tilsette.

Av selskapets innbetalingar er kr 342 392,- balanseført som eigenkapitalinnskot.

I samsvar med unntaksreglane i Rekneskapslova § 5-10 har selskapet ikkje balanseført forsikra pensjonsforpliktelsar.

Innbetalt pensjonspremie samsvarer med årets pensjonskostnad.

Selskapets pensjonsordning er i samsvar med krav i gjeldande lover vedrørande pensjonsforsikring.

Note 6 Fordringar

Selskapet sine kundefordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventta tap.

Kundefordringar fordeler seg slik:	2010	2009
Kundefordringar	20 754 595	16 709 669
Tap på krav	-400 000	-450 000
Sum	20 354 595	16 259 669

Andre langsiktige fordringar:

Fordringar som forfell til betaling meir enn ett år fram i tid:	2010	2009
Akkumulert mindreinntekt og renter mindreinntekt	14 007 000	6 697 000
Ansvarlig lån Fitjar Infrastrukturdugnad AS	200 000	200 000
Ansvarlig lån til Midtjøllet Vindkraft AS	6 347 796	6 000 000
Sum	20 554 796	12 897 000

Note 7 Varelager

Selskapets varelager er oppført til lågaste verdi av kostpris og netto salgspris

	2010	2009	Endring
Varer til bruk i produksjon	1 693 000	1 394 000	299 000
Ukurransnedskrivning	200 000	200 000	0
Netto bokført verdi av varelager	1 493 000	1 194 000	299 000

Note 8 Bankinnskot - bundne midlar

Av inneståande i bank er kr 454 575,- bundne skattetrekksmidlar.

Note 9 Gjeld og obligasjonar

Gjeld som fell til betaling meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

	2010	2009
Gjeld til kredittinstitusjonar	-500 000	-1 500 000



Note 10 Aksjar og andelar i andre selskap

	Eigarandel	Anskaffelses-kost	Balanseført verdi
Anleggsmidler:			
Sunnhordland Kraftlag AS	3,4 %	111 000	111 000
Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS	20,0 %	60 000	60 000
Fitjar Kultur- og idrettsbygg AS	11,87 %	2 180 350	500 000
Fitjar Infrastrukturdugnad	50,0 %	303 000	303 000
Elfase Vest		3 333	3 333
Aksjer i SNU		90 000	90 000
Midtfjellet Vindkraft AS	50,0 %	3 550 000	3 550 000
Sum		6 297 683	4 617 333

Note 11 Pantstillelser og garantiansvar

Balanseført langsiktig gjeld:	2010	2009
Gjeld til kredittinstitusjonar	-11 500 000	-12 500 000
Sum	-11 500 000	-12 500 000

Garantiforpliktelsar som er rekneskapsført:	2010	2009
Garanti for handel av kraft gjennom Markedskraft AS	3 148 438	2 923 083

Selskapet har innbetalt forskot til Markedskraft som garanti for mellomværende ved handel av kraft. Posten er klassifisert som del av langsiktige fordringar i balansen.



Note 12 Skatt

01.01 - 31.12

2010

2009

Betalbar skatt framkjem slik:

Ordinært resultat før skattekostnad		13 080 578	6 785 021
Permanente forskjeller		-4 694 819	-6 940 666
Endring midlertidige forskjeller		-13 367 574	-602 156

Grunnlag betalbar skatt

-4 981 815 **-757 801**

Betalbar skatt på inntekt	28,0 %	0	0
Betalbar skatt på formue	0,3 %	886 195	379 496

Sum betalbare skattar

886 195 **379 496**

Årets skattekostnad framkjem slik:

Betalbar skatt på årets resultat		0	0
Betalbar skatt på skattemessig formue		886 195	379 496
Avrekning betalbar skatt tidlegare år		473 176	-144 280
Brutto endring utsatt skatt		2 415 600	-301 746

Årets totale skattekostnad

3 774 971 **-66 530**

2010

2009

Betalbar skatt i balansen framkjem slik:

Betalbar skatt på årets resultat		0	0
Betalbar skatt på formue		886 195	379 496
Betalbar skatt tidlegare år		0	0

Sum betalbar skatt

886 195 **379 496**

Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:

Forskjeller som utliknast:

Anleggsmidler		-1 569 723	-1 493 046
Fordringar		-249 455	-375 510
Pensjon		342 392	302 566
Varelager		-200 000	-200 000
Andre midlertidige forskjeller		13 256 510	-21 862

Sum forskjeller

11 579 724 **-1 787 852**

Underskot til framføring		-11 701 249	-6 960 814
--------------------------	--	-------------	------------

Sum

-121 525 **-8 748 666**

Utsatt skatt/skattefordel av midlertidige forskjeller

28 % **-34 027** **-2 449 625**



Note 13 Eigenkapital

Eigenkapital:	Partskapital	Verdijustering partar	Etterbetalingsfond	Sum
Eigenkapital 31.12.2009	5 085 937	1 760 000	88 015 807	94 861 744
Årets endring i egenkapital:				
Netto tilgang nye partar	7 500			7 500
Renter på innløyste partar	-4 379			-4 379
Renter på partskapital	66 117		-66 117	0
Etterbetalingsfond		1 512 000	-1 512 000	0
Årsresultat			9 305 608	9 305 608
Eigenkapital 31.12.2010	5 155 175	3 272 000	95 743 297	104 170 473

Rentesatsen på partskapitalen er 1,3 % jfr. årsmøtevedtak.

Note 14 Andre driftskostnader

Spesifikasjon av posten andre driftskostnader	2010	2009
Tap på krav	179 144	-93 858
Eigedomsskatt	419 040	416 040
Kostnader administrativ infrastruktur (telefon, strøm, data mv.)	1 207 066	1 379 719
Transport og reisekostnader	677 031	613 903
Kjøp av eksterne tenester	1 659 177	2 456 607
Aktivering av egne investeringarbeider	-3 761 191	-4 752 584
Forbruk av varer og tenester	4 097 102	4 502 086
Sponsor / Støttetiltak	741 020	967 754
Andre kostnader	4 362 250	3 410 818
Sum	9 580 638	8 900 485

Note 15 Anna kortsiktig gjeld

Spesifikasjon av posten anna kortsiktig gjeld:	2010	2009
Påløpne feriepengar	898 746	840 466
Påløpne renter	79 063	102 600
Påløpne kostnader	-1 076 315	-626 715
Sum	-98 506	316 351



Note 16 Finansinntekter og finanskostnader

Finansinntekter

Andre finansinntekter

Finansiell handel - straum	376 974
Valutagevinst	166 786
Renteinntekter	1 000 445

Sum finansinntekter 1 544 205

Finanskostnader

Andre finanskostnader

Rentekostnader	688 978
Valutatap	695 933
Bankgebyr	614

Sum finanskostnader 1 385 525

Sum finans 158 680



Note 17 Varige driftsmidler og immaterielle egedelar

1000 kr	Transport- maskinar midlar	Inventar, EDB, utstyr	Kraft- stasjonar	Distribu- sjonsnett	Tariff- apparat	Breiband	Anna Energi	Bygg/ tomter	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	2 943,0	3 031,9	22 582,5	48 235,0	1 569,9	19 651,3	228,6	6 288,3	104 530,6
Tilgang i året	0,0	335,6	0,0	1 991,1	398,0	767,9	0,0	142,0	3 634,6
Avgang i året	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Anskaffelseskost pr. 31.12	2 943,0	3 367,5	22 582,5	50 226,1	1 967,9	20 419,2	228,6	6 430,3	108 165,2
Akk. av- og nedskriv. pr. 01.01	2 896,6	2 955,7	9 862,0	21 077,9	801,9	7 721,4	3,8	2 199,2	47 518,5
Årets ordinære avskrivningar	15,0	58,3	903,3	1 374,2	125,1	1 635,3	11,4	101,3	4 223,9
Avgang akk. av- og nedskriv.	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Akk. av og nedskriv. pr. 31.12	2 911,6	3 014,0	10 765,3	22 452,1	927,0	9 356,7	15,2	2 300,5	51 742,4
Bokført verdi pr. 01.01	46,4	76,2	12 720,5	27 157,1	768,0	11 929,9	224,8	4 089,2	57 012,1
Bokført verdi pr. 31.12	31,4	353,5	11 817,2	27 774,0	1 040,9	11 062,5	213,4	4 129,9	56 422,8

Investeringar og salg av anleggsmidler siste 5 år

Investeringar 1000 kr	Transport- maskinar midlar	Inventar, EDB, utstyr	Kraft- stasjonar	Distribu- sjonsnett	Tariff- apparat	Breiband	Anna Energi	Bygg/ tomter	Sum
2 006	85,1	0,0	0,0	2 235,0	0,0	3 465,4	0,0	0,0	5 785,5
2 007	0,0	0,0	0,0	2 433,1	0,0	1 914,5	0,0	0,0	4 347,6
2 008	92,6	0,0	0,0	2 537,3	0,0	3 404,2	0,0	1 500,0	7 534,1
2 009	45,0	801,4	0,0	2 077,6	0,0	1 361,3	228,6	0,0	4 513,9
2 010	0,0	335,6	0,0	1 991,1	398,0	767,9	0,0	142,0	3 634,6
Sum	222,7	1137,0	0	11 274,1	398	10 913,2	228,6	1642	25 815,7

Samfunnsrekneskaper


Kostnader og avgifter

	2010	2009
Kjøp av kraft	33890	19826
Brukt i Fitjar	10055	10425
Avgifter til staten	15890	10340
Regionalnett og nettap	6388	4859
Andre kostnader og lønn	12549	11595
Avskrivningar	4224	3972
Sum	82996	61017




Tilbakeført til Fitjarsamfunnet

	2010	2009
Skatt på løn	914	866
Eigedomsskatt og kommunale avg	443	502
Vareinnkjøp	2026	1222
Innkjøp av tenester	1474	2033
Gåver til lag og organisasjonar	741	968
Netto utbetalt lønn	4457	4604
Sum	10055	10426



Avgifter til staten

	2010	2009
Skatt på lønn	1839	1726
Folketrygd	1292	1265
Firmaskatt	3775	-67
Forbruksavgift staten (El avgift)	4422	4066
Påslag til nettarriffen (enovaavgift)	450	431
Meirverdiavgift	4112	2919
Sum	15890	10340





KPMG AS
Hamnegata 48
P.O. Box 694
N-5404 Stord

Telephone +47 04063
Fax +47 53 45 40 41
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Fitjar Kraftlag SA

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Fitjar Kraftlag SA, som er samansett av balanse per 31. desember 2010 og resultatrekneskap som viser eit overskot på kr 9 305 608 for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeide av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Fitjar Kraftlag SA per 31. desember 2010 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Offices in

Oslø	Hamar	Sandefjord
Ålta	Haugesund	Sandnessjøen
Årstad	Kristiansund	Stavanger
Bergen	Larvik	Stord
Bodø	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnes	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Ræis	Ålesund

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Stord, 2. mai 2011

KPMG AS


Sigurd Østensen
Statsautorisert revisor